

**REFERAT ÅRSMØTE 2018**  
Torsdag 29. november kl 18.00 til 19.30

**SAKLISTE**

**1) Godkjenning av innkalling**

Innkallinga vart samrøystes godkjent. Det vart registrert 24 røysteføre medlemmar blant dei 27 framømte.

**2) Godkjenning av sakliste**

Saklista vart samrøystes godkjent.

**3) Val av møteleiar**

Rune Norstrand Olsen vart samrøystes valt som møteleiar.

**4) Val av to møtesekretærar**

Sara Marie Ytreøy og Elisabeth Solheim vart samrøystes valde som møtesekretærar.

**5) Val av to til å skrive under møteprotokollen**

Signe Nordvik og Trygve Nybø vart samrøystes valde til å skrive under møteprotokollen.

**6) Godkjenning av Årsmelding for 2018, saksvedlegg nr. 1**

Årsmeldinga vart samrøystes vedtatt.

**7) Godkjenning av Rekneskap for 2018, saksvedlegg nr. 2**

Det kom spørsmål om det er lett å få inn betaling for overnatting på hyttene. Styret har registrert at ikkje alle som skriv seg i protokollen, betalar. Ein arbeider med å få på plass Vipps som betalingsløyising. Det kom innspel om at ein kan registrere mobilnummer i protokollen, slik at ein lettare kan kome i kontakt med dei som ikkje har betalt. Styret tek med seg desse innspela.

Rekneskap for 2018 vart samrøystes vedtatt.

**8) Val av:**

a) – leiar

- b) - tre styremedlemmar  
derav ein nestleiar
- c) - to varamedlemmar
- d) - revisor
- e) - to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte
- f) - 2 medlemmar til valnemnda

**Valnemnda si innstilling:**

Heidi Humlestøl Aasen	leiar	nyval	(1 år)
Karen S. Nilsen	medlem	nyval	(2 år)
Sunniva Geithus	medlem	nyval	(2 år)
Siv Grov Krogen	medlem	nyval	(1 år)
Anders Myklebust	medlem	ikkje på val	(1 år)
Arnfrid Bergheim	medlem	ikkje på val	(1 år)
Kari-Anne Melvær Strømmen	varamedlem	nyval	(1 år)
Jens Batt Jansen	varamedlem	nyval	(1 år)
Marianne Sundal	Revisor		(1 år)

**Val av styre:**

Heidi Humlestøl Aasen vart samrøystes valt som styreleiar.  
Øvrige styremedlemmar og revisor vart samrøystes valt.

Det kom framlegg om at styret vel utsendingar til Sogn & Fjordane Turlag sitt årsmøte.  
Framlegget vart samrøystes vedtatt.

**Val av valnemnd:**

Dag Eliassen	attval for to år
Sissel Strømmen	ikkje på val
Siv Merete Stadheim	nyval for to år

**9) Val av nestleiar:**

- a) Veljast blant styret sine medlemmar

Det kom framlegg om at styret konstituerer seg og vel nestleiar. Framlegget vart samrøystes vedtatt.

**10) Innkomne saker:**

- a) Revisjon av lagslov, saksvedlegg nr. 3

Ein har tatt utgangspunkt i DNT sine vedtekter i utforming av vedtekter for Flora Turlag.

Det kom 2 forslag til endringar.

Forslag 1: forslag til endring - § 4

For §4 kom det framlegg om at punkt 1-5 i dagens lagslov blir nye punkt a-e, slik at paragrafen lyder som følgjer:

**§4 ÅRSMØTE**

*Det øvste styringsorganet i Flora Turlag er årsmøtet. Årsmøte skal haldast innan utgangen av november månad.*

*Tidspunkt skal kunngjerast med tre vekers varsel på Flora Turlag sine nettsider. Forslag til valkomiteen skal sendast valkomiteen sin leiar tre veker før årsmøte. Saksliste til årsmøte vert lagt ut på Flora Turlag sine nettsider i førekant av årsmøte.*

*Alle medlemmar har forslags- og stemmerett og kan veljast til tillitsverv i alle ledd i organisasjonen frå det året dei fyller 15 år.*

*Årsmøte vert leia av vald møteleiar og skal gjennomførast etter god forretningsskikk.*

*Årsmøte skal handsama:*

- a) Godkjenne innkallinga*
- b) Godkjenne sakslista*
- c) Val av møteleiar*
- d) Val av 2 møtesekretærar*
- e) Val av 2 til å skrive under protokollen*
- f) Styret sin årsmelding*
- g) Årsrekneskap*
- h) Budsjett og handlingsplan*
- i) Forslag som er fremma av styret eller forslag som er meldt inn*
- j) Val av styret sin leiar*
- k) Val av styremedlemmar*
- l) Val av medlem til valnemnd*
- m) Val av revisor*

13 stemte for forslag til endring og forslaget vart dermed vedtatt.

Forslag 2: Forslag til endring - § 5

For §5 kom det forslag om at det leggjast til at «*styret skal bestå av leiar, nestleiar, kasserar, sekretær, styremedlem og 2 varamedlemmer.*»

15 stemte for forslag til endring og forslaget vart dermed vedtatt.

Under §11 om vedtektsendring vart det samrøystes vedtatt å endre teksten til følgjande:

#### *§11 VEDTEKTSENDRING*

*Endring av vedtektene skjer etter vedtak på årsmøtet. Til gyldig vedtak krevjast 2/3 fleirtal. Forslag til vedtektsendringar skal vere kunngjort på Flora Turlag si heimeside minst 3 månadar før årsmøte.*

Dei øvrige vedtektene vart samrøystes vedtatt. Styret fekk fullmakt til å rette ev. skrivefeil i vedtektene.

### **11) Handlingsplan og turar for 2019, saksvedlegg nr. 4**

Det kom innspel om større fleksibilitet i fht endringar i turprogrammet. I dag vert turprogrammet fastsatt om hausten då det skal meldast inn til Sogn & Fjordane Turlag sitt turprogram for fylket.

Det er eksempelvis ønskeleg at ein kan flytte turar i forhold til vêrmeldingane. Skal ein tur arrangerast i regi av Flora Turlag må ein imidlertid ta hensyn til risikovurdering o.l. Det medfører eit stort ansvar å arrangere tur i regi av turlaget og DNT. Ein må skille mellom private turar og turar i regi av turlaget. Det kom innspel frå enkelte medlemmer som ønskte å starte ei ny Facebookside/gruppe der privat personar kan legge ut informasjon om dei skal på tur der andre kan få vere med. Styret tok innspelet til vitande.

Det kom innspel om at det gamle styret skal bidra inn mot det nye styret i fht avklaring av situasjonen om Grytadalsbu.

Handlingsplanen vart samrøystes vedtatt.

## **12) Fastsetting av losji prisar for 2019**

Forslag til vedtak:

Flora Turlag følger DNT sine prisar og reglar på hyttene.

Styret sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

## **13) Fastsetting av turavgift for 2019**

Forslag til vedtak: (Uendra frå 2018)

Heildagsturar: Medlemmar gratis og ikkje-medlemar kr. 100.

Tysdags- og onsdagsturar: Inga avgift utover faktiske transportkostnadar.

Barn under 15 år gratis

Transport kr. 30 til sjåfør ved felleskøyning. Over 20 km kr. 40.

Styret sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

## **14) Godkjenning av budsjett for 2019, saksvedlegg nr. 5**

Styrets framlegg til budsjett vart samrøystes vedtatt.

Etter årsmøte takka Arnfrid Bergheim av Siv Merete Stadheim med 6 år som styreleiar i Flora Turlag med ein flott blomsterbukett. I løpet av Siv Merete sin periode som styreleiar har turlaget hatt ei formidabel medlemsauke. Siv Merete har innarbeidd nye arbeidsrutiner og struktur i turlaget. Turlaget har også utvikla samarbeid med fleire nye samarbeidspartnarar og fått på plass mange nye tur- og aktivitetstilbod i tida Siv Merete har vore styreleiar.

Sara Marie Ytreøy, Ane Eliassen og Elisabeth Solheim går ut av styret og vart takka av med boka «Opptur Indre Sunnfjord». Per Vidar Ottesen og Ronny Berg går ut av styret som varamedlemmar og får også boka som takk fort sitt bidrag i styret.

Siv Merete Stadheim las namna på vinnarane frå trekking av turbøker og Turtrimmen 2018. Resultata og namnelista vert lagt ut på heimesida til turlaget, samt delt på Facebook.

Jette Bergfjord, nyttilsett prosjektleiar for Born og Unge i Sogn & Fjordane Turlag informerte om DNT Ung si satsing i Sogn & Fjordane. Sogn & Fjordane Turlag ønskjer å etablere ei DNT Ung-

gruppe i Flora.

Kveldens foredragshaldar var Stig Roger Eide. Han har nyleg gitt ut boka «Opptur Indre Sunnfjord» og heldt eit flott foredrag om arbeidet med turboka og om turmål i Sunnfjord. Stig Roger vart takka med Turboka for Flora kommune.

Florø, 29. november 2018

Sara Marie Ytreøy  
- referent -

Elisabeth Solheim  
- referent -

Signe Nordvik

Trygve Nybø

Vedlegg til protokollen:  
Flora Turlag sine gjeldande vedtekter vedtatt 29. november 2018